

BYGLAND KOMMUNE – KONTROLLUTVALET

MØTEBOK

Møte nr. 03/21

Dato: 11.10.21 kl. 09.00 – 11.45

Stad: Kommunehuset, kommunestyresalen

<p><u>Til stades:</u> Tor Kasin, leiar Oddvar Omnes, nestleiar Birgit Attestog, medlem Berit Haugetveit, varamedlem for Sven Richard Arnesen</p> <p><u>Forfall:</u> Sven Richard Arnesen, medlem Åse Heistein, medlem</p>	<p><u>Andre til stades (heile eller deler av møtet):</u> Agder Kommunerevisjon IKS v/ Tommy Pytten , Tor Ole Holbek og Jarl Birkenes Gjessing Agder Sekretariat v/ Inger Lise Austrud Administrasjonen v/ kommunedirektør John Salve Sigrindnes Settesekretariat v/ Mette Jensen Moen via Teams</p>
---	---

Det var ikkje merknader til innkalling og saksliste.

SAKSLISTE

- SAK 06/21 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE 26.04.21
- SAK 07/21 OVERORDNA REVISJONSSTRATEGI 2021 BYGLAND KOMMUNE
- SAK 08/21 ETTERLEVELSESKONTROLL MED ØKONOMIFORVALTNINGA
- SAK 09/21 BUDSJETT FOR KONTROLLARBEIDET 2022 BYGLAND KOMMUNE
- SAK 10/21 FELLES EIGARSKAPSKONTROLL – DRØFTING/BESTILLING
- SAK 11/21 BESTILLING AV FORVALTNINGSREVISJON
- SAK 12/21 BYGDEBOKPROSJEKTET – ØKONOMISKE OG JURIDISKE
VURDERINGER

FASTE POSTAR

Nytt frå revisor:

Vidare arbeid i kontrollutvalet:

EVENTUELT

REFERATSAK

- REF 06/21 VALGT OMRÅDE FOR FORENKLET ETTERLEVELSESKONTROLL
- REF 07/21 INVITASJON TIL MEDLEMSKAP I FKT, FORUM FOR TILSYN OG
KONTROLL
- REF 08/21 TILSYNSRAPPORT – RETTEN TIL SPESIALPEDAGOGISK HJELP –
KRAV TIL VEDTAK
- REF 09/21 TILSYNSRAPPORT – VEDTAK OM SPESIALUNDERVISNING

REF 10/21 RAPPORT FRÅ TILSYN MED BARNEVERNTENESTAS ARBEID MED
INDERSØKINGAR VED SETESDAL BARNEVERN 2021
REF 11/21 HENVENDING «VARSEL OM BYGLAND KOMMUNE»

Underskrift

Tor Kasin
Leiar

Kopi av møteboka sendes: Ordførar, kommunedirektør, revisor, Jorunn S Tveiten, 1.
varamedlem, Setesdølen

SAK 06/21 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE 26.04.21

Vedtak:

- 1. Møteprotokoll frå kontrollutvalets møte 26.04.21 vert godkjent.*
- 2. Leiar får fullmakt til å underteikne møteprotokollen*

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Inger Lise Austrud

Vedlegg:

Forslag til møteprotokoll frå møte 26.04.21

Bakgrunn for saka:

Forslag til protokoll frå møte 26.04.21 vert lagt fram for godkjenning.

Framlegg til vedtak:

1. Møteprotokoll frå kontrollutvalets møte 26.04.21 vert godkjent.
2. Leiar får fullmakt til å underteikne møteprotokollen

SAK 07/21 OVERORDNA REVISJONSSTRATEGI 2021 BYGLAND KOMMUNE

Vedtak:

Kontrollutvalet tar overordna revisjonsstrategi 2021 for Bygland kommune til orientering.

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Inger Lise Austrud

Vedlegg:

Overordna revisjonsstrategi 2021 frå Agder Kommunerevisjon IKS datert 16.08.21

Bakgrunn for saka:

I følgje kommunelova § 23-2, 1.ledd bokstav a, skal kontrollutvalet sjå til at kommunens rekneskap vert revidert på ein betryggande måte.

I forskrift om kontrollutval og revisjon §3 står det at kontrollutvalet skal halde seg løpande orientert om revisjonsarbeidet og mellom anna sjå til at:

a) kommunens eller fylkeskommunens årsregnskaper blir revidert på en betryggende måte

b) regnskapsrevisjonen utføres i samsvar med lov, forskrift og kontrollutvalgets instruksjer og avtaler med revisor

Orientering om overordna revisjonsstrategi og revisjonens risikovurdering er eit viktig ledd i kontrollutvalets arbeid med å følgje opp påseansvaret i forhold til rekneskapsrevisor.

Overordna revisjonsstrategi omfattar heile kommunen og beskriv revisjonens formål, foreløpig risikovurdering, kommunens økonomi, informasjon om kommunens risikostyring og økonomiske internkontroll, fastsetting av vesentlighetsgrense og revisjonsplan. Strategien er det overordna planleggingsdokumentet for gjennomføring av rekneskapsrevisjon.

Revisjonen vil gjennomgå revisjonsstrategien i møte og svare på eventuelle spørsmål.

Vurderingar:

Formålet med kontrollutvalets handsaming av overordna revisjonsstrategi er i hovudsak å ivareta kontrollutvalets påseansvar i forhold til rekneskapsrevisjon.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tar overordna revisjonsstrategi 2021 for Bygland kommune til orientering.

SAK 08/21 ETTERLEVELSESKONTROLL MED ØKONOMIFORVALTNINGA

Vedtak:

Kontrollutvalet tar revisors attestasjonsuttale frå forenkla etterlevelseskontroll til orientering.

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Inger Lise Austrud

Vedlegg:

Attestasjonsuttale frå Agder Kommunerevisjon IKS datert 30.06.21

Bakgrunn for saken:

Revisor har utført eit attestasjonsoppdrag i samband med Bygland kommunes etterleving av føresegner og vedtak for økonomiforvaltninga knytt til området om etterleving av finansreglementets kapittel 7 «Forvaltning av gjeldsportefølge og øvrige finansieringsavtaler».

Følgande er kontrollert:

1. *Låneopptak i samsvar med kommunestyrevedtak*
2. *Lån er opptatt i norske kroner*
3. *Gjennomsnittlig gjenværende rentebindingstid*
4. *Andel av gjeldsporteføljen som har fastrenteandel*
5. *Kommunedirektørens rapportering til kommunestyret*

Uttalen gjev moderat sikkerheit for konklusjonen, altså er det ikkje like strenge beviskrav som til ei revisjonsberetning.

Saksopplysingar:

Kommunestyret skal sjå til at uavhengig instans med kunnskap om økonomiforvaltninga vurderer rutinane. Kommunestyret skal og sjå til at slike rutinar er etablert og overhaldt. Kontrollutvalet er kommunestyrets tilsynsorgan og det ligg til utvalet å føre tilsyn med kommunens forvaltning på kommunestyrets vegne.

For øvrig er revisors konklusjon som følger:

Konklusjon:

Basert på de utførte handlingene og innhentede bevis er vi ikke blitt oppmerksomme på noe som gir oss grunn til å tro at Bygland kommune ikke i det alt vesentlige har etterlevd de kontrollerte bestemmelsene i finansreglementets kapittel 7 «Forvaltning av gjeldsportefølge og øvrige finansieringsavtaler».

Vurderingar:

Forenkla etterlevelseskontroll erstattar ikkje den ordinære rekneskapsrevisjon eller forvaltningsrevisjon, men kan sjåast på som eit supplement. For kontrollutvalets del er ansvaret avgrensa til å sjå til at det vert gjennomført, og halde seg orientert om risiko- og vesentlighetsvurdering samt resultat frå kontrollen.

Forenkla etterlevelseskontroll styrker kontrollutvalets grunnlag for ivareta sitt ansvar for å føre kontroll med at økonomiforvaltninga er i samsvar med føresegner og vedtak.

Kommunedirektør er ansvarleg for å etablere administrative rutinar som sørger for at økonomiforvaltninga er i tråd med føresegner og vedtak, og at økonomiforvaltninga er gjenstand for betryggande kontroll.

Revisor vil i møtet orientere om resultatet av forenkla etterlevelseskontroll og svare på eventuelle spørsmål.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tar revisors attestasjonsuttale frå forenkla etterlevelseskontroll til orientering.

**SAK 09/21 BUDSJETT FOR KONTROLLARBEIDET I BYGLAND KOMMUNE
2022**

Vedtak:

- 1. Kontrollutvalet tilrår ei budsjetttramme for kontrollarbeidet i Bygland kommune for 2022 på kr 872 000*
- 2. Kontrollutvalets budsjettframlegg skal uendra følge det samla budsjettframlegget for kommunen til kommunestyret.*

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Inger Lise Austrud

Vedlagte saksdokument:

1. Vedteke budsjett for Agder Sekretariat
2. Agder Kommunerevisjon IKS – delbudsjett Bygland 2022

Bakgrunn for saka:

Kommunen skal ha ei forsvarleg revisjonsordning og eit uavhengig sekretariat. Budsjettframlegget inneheld difor lovpålagte oppgåver. Budsjettframlegget er delt inn i 3 hovudgrupper; kontrollutvalet sine utgifter, utgifter til revisjonstenester og til sekretariat.

Kommunal- og Moderniseringsdepartementets Veileder om kontrollutvalets rolle og oppgåver s. 16, seier bl.a. at: Kontrollutvalet skal utarbeide framlegg til budsjett. I budsjettet må kontrollutvalet synleggjere kontrollutvalets egne kostnader og kostnader knytt til revisjonsaktiviteter.

Videre står det noko om kven som kan gjera endringar i kontrollutvalets budsjett: Budsjettframlegg frå kontrollutvalet kan berre endrast av kommunestyret.

Grunnen til at kontrollutvalets budsjett er i ei særstilling, er at utvalet skal vere fritt og uavhengig av dei organa som utvalet skal kontrollere. Det er uheldig om administrasjonen eller eit organ som kontrollutvalet skal kontrollere og ha tilsyn med, for eksempel formannskapet eller eit hovudutval, får innverknad på tilsynsorganets budsjetttramme. Formannskapet kan likevel, i sitt samla budsjett, føreslå eit endra beløp i forhold til det kontrollutvalet føreslår. Kontrollutvalets budsjettframlegg skal likevel uendra følgje det samla budsjettframlegget til kommunestyret, slik at kommunestyret ved budsjetthandsaminga har informasjon om både kontrollutvalets framlegg og formannskapets innstilling til budsjett.

Når det gjelder betaling for tenester som vert kjøpt av selskap/samarbeid, vert budsjettet her fastsett av representantskapet og av styret, og kan berre endrast av desse.

Kontrollutvalssekretariatets budsjettframlegg:

Driftstilskotet skal dekke den normale aktiviteten i kontrollutvalet, frå sakshandsaming til utsending av innkallingar og utskrifter, samt arkivhald med meir. Styret i Agder Sekretariat handsama budsjettet i møte 23.08.2020.

Agder Sekretariat har 13 eigar- og deltakarkommunar etter kommunesamanslåingane frå 01.01.20, medan det tidlegare var 16 kommunar.

Det har vore nullvekst i totalbudsjettet frå 2019 til 2020 og frå 2020 til 2021. Selskapets totalbudsjett har desse åra vore kr. 2.082.000.

Frå og med 2020 innførte styret ordning med deltakartilskot basert på innbyggjartal.

Antal innbyggjarar	Tilskot 2020	Tilskot 2021	Tilskot 2022
1 - 3999	Kr. 134.000	Kr. 134.000	Kr. 140.500
4000 - 6999	Kr. 160.000	Kr. 160.000	Kr. 166.200
7000 - 9999	Kr. 175.000	Kr. 175.000	Kr. 181.900
10000 - 19999	Kr. 210.000	Kr. 210.000	Kr. 218.200
20000 -	Kr. 290.000	Kr. 290.000	Kr. 301.300

Aukinga i budsjettet frå 2021 til 2022 syner seg slik:

- Anslag pris og lønsvekst i 2022: 2,9%
- Korreksjon/auke som følge av 3 år med nullvekst: 1,0%
- Justering av utgiftsfordeling for mindre kommunar: 1,0% (justering av modell etter kommunesamanslåingar)

For Bygland kommune betyr det at driftstilskotet til Agder Sekretariat vert auka frå kr 134 000 i 2021 til kr 140 500 i 2022.

For nærmare informasjon vises det til vedlagte budsjett for Agder Sekretariat.

Ellers må selskapet/samarbeidet i løpet av inneverande kommunestyreperiode bli omdanna til eit kommunalt oppgåvefelleskap eller eit interkommunalt selskap i medhald av den nye kommunelova. Styret arbeider med denne saka.

Kommunerevisjonen:

Sekretariatet har motteke delbudsjett for 2022 frå Agder Kommunerevisjon IKS. Tilskotet til revisjonen utgjer kr 570.000, som er ein auke med 2,7 % frå året før.

I den nye kommunelova er revisor pålagt ny oppgåve, å gjennomføre forenkla etterlevelseskontroll. Denne er budsjettert til kr 51.500. Totalt tilskot til revisjonen vert då kr. 621.500.

For ytterlegare informasjon om budsjettet syner ein til det vedlagte delbudsjett frå revisjonen.

Kontrollutvalet sine utgifter:

Budsjettet for kontrollarbeidet skal omfatte kontrollutvalets samla verksemd.

Som tidlegare er det en eigen post i budsjettframlegget til dekning av utvalet sine utgifter

Denne posten er meint å dekke kurs og opplæring av kontrollutvalets medlemmar, godtgjersler og konsulenttenester.

Ein føreslår ikkje endringar i posten for kontrollutvalets utgifter.

Budsjettframlegget:

Det framlagte budsjettframlegg for kontrollarbeidet bygger på

- Førre års budsjetttramme

- Delbudsjett Bygland for Agder Kommunerevisjon IKS for 2022
- Vedteke budsjett for Agder Sekretariat for 2022

Tabell: Framlegg til budsjett for kontrollarbeidet i Bygland kommune 2022

	Budsjettframlegg 2022	Vedteke budsjett 2021	Vedteke budsjett 2020
Tilskot til revisjonsdistrikt	Kr. 621.500	Kr. 605.000	Kr. 545 000
Kommunen sin del av sekretariatstenester	Kr. 140.500	Kr. 134.000	Kr 134 000
Kontrollutvalets utgifter :			
Møtegodtgjersle :m.m.	Kr. 15.000	Kr. 15 000	Kr 15 000
Kurs og andre utgifter	Kr. 25.000	Kr. 25 000	Kr 15 000
Andre konsulenttenester	Kr. 70.000	Kr. 70 000	Kr 70 000
Totalbudsjett	Kr. 872.000	Kr. 849 000	Kr 779 000

Framlegg til vedtak:

1. Kontrollutvalet tilrår ei budsjetttramme for kontrollarbeidet i Bygland kommune for 2022 på **kr 872 000**
2. Kontrollutvalets budsjettframlegg skal uendra følge det samla budsjettframlegget for kommunen til kommunestyret.

SAK 10/21 FELLES EIGARSKAPSKONTROLL – DRØFTING/BESTILLING**Vedtak:**

1. *Bygland kontrollutval bestiller gjennomføring av eigarskapskontroll for følgende selskap: Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS*
2. *Det forutsettes at alle eigarkommunar beslutter å delta i gjennomføringa av eigarskapskontrollen.*
3. *Utvalet er villige til å endre prioritering dersom dei øvrige eigarkommunane ønsker gjennomføring av eigarskapskontroll for eit anna selskap.*
4. *Prosjektplan bes framlagt på neste møte i utvalet.*

Saksutgreiing:**Sakshandsamar: Inger Lise Austrud****Vedlegg:**

Vedtatt plan for eigarskapskontroll 2020 - 2023

Bakgrunn for saka:

Det har tidlegare vore drøfta gjennomføring av felles eigarskapskontroll for eit av Setesdal-kommunanes interkommunale selskap.

I planen er følgende selskap prioritert for eigarskapskontroll:

Selskap	Tidspunkt for gjennomføring
Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS	
Setesdal IKT	

Eigarskapskontroll innebere å kontrollera om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eigarinteresser gjer dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipp for eigarstyring.

Vurderingar:

Føresetnaden for ein slik eigarskapskontroll bør vere at alle eigarkommunane beslutter å delta i gjennomføringa av kontrollen.

Sekretariatet vil ta på seg ein samordningsrolle for å sikre like bestillingar i dei respektive kontrollutval. Kwart kontrollutval er suverene til å foreta sine prioriteringar, jf. forslag til vedtak pkt. 3.

Saka vert lagt fram til drøfting eventuell bestilling.

Framlegg til vedtak:

1. Bygland kontrollutval bestiller gjennomføring av eigarskapskontroll for følgende selskap: _____
2. Det forutsettes at alle eigarkommunar beslutter å delta i gjennomføringa av eigarskapskontrollen.
3. Utvalet er villige til å endre prioritering dersom de øvrige eigarkommunane ønsker gjennomføring av eigarskapskontroll for eit anna selskap.
4. Prosjektplan bes framlagt på neste møte i utvalet.

SAK 11/21 BESTILLING AV FORVALTNINGSREVISJON

Vedtak:

Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjonsprosjektet «Oppfølging av politiske vedtak og næringsutvikling» (jf. pkt. 5 og 6) og ber Agder Kommunerevisjon IKS legge frem prosjektplan i neste møte.

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Inger Lise Austrud

Vedlegg:

Vedteke plan for forvaltningsrevisjon 2019 – 2023

Bakgrunn:

Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2021 – 2023 blei vedteke av kommunestyret 05.11.20 med følgende prioriterte prosjekt.

Prioritet	Område	Tema/sector/selskap	Aktuelt for forvaltningsrevisjon
1.	Tjenesteyting, myndighetsutøvelse og samfunnsutvikling	Oppvekst	Saksbehandling og internkontroll i barnevernstjenesten
2.	Tjenesteyting, myndighetsutøvelse	Helse og Omsorg	Legetjenesten

	og samfunnsutvikling		
3.	Tjenesteyting, myndighetsutøvelse og samfunnsutvikling	Drift og forvaltning	Drikkevannssikkerhet
4.	Tillitsskapende forvaltning		Informasjonssikkerhet og personvern
5.	Lokaldemokrati		Saksutredning og/eller oppfølging av politiske vedtak
6.	Tjenesteyting, myndighetsutøvelse og samfunnsutvikling	Sentraladministrasjon og fellesutgifter	Næringsutvikling

Kommunestyret har i sitt vedtak av planen gjeve kontrollutvalet fullmakt til å gjere endringar i prioriteringa av aktuelle prosjekter, og til å sette i gang andre prosjekt, dersom utvalet ser behov for det.

Ein vil foreslå at kontrollutvalet ber Agder Kommunerevisjon IKS om å starte arbeidet med eit nytt prosjekt. Utvalet må drøfte kva for eit prosjekt dei vil velje.

Saksopplysningar:

Kontrollutvalet står fritt til å prioritere aktuelle prosjekter innanfor planen.

Når det gjelder gjennomføring av forvaltningsrevisjon, er det prosjektet «Saksbehandling og internkontroll i barnevernstjenesten» som er øvst på prioriteringslista. Utvalet står og fritt til å prioritera andre prosjekt frå planen om dei ynskjer det.

Vurdering:

Forvaltningsrevisjon er eit verktøy som kommunestyret og kontrollutvalet skal bruke for å sikre at kommunen drives på ein måte som ivareteke innbyggjarane sitt behov og rettigheitlar best mogleg. Forvaltningsrevisjon er ein av de pålagte oppgåvene til kontrollutvalet. Gjennom forvaltningsrevisjon undersøker kontrollutvalet om kommunen etterlever regelverk, når fastsette mål, og om ressursane forvaltast på ein effektiv måte.

Fokus på å bidra til forbetring er eit viktig aspekt med gjennomføring av forvaltningsrevisjonar.

Det er svært viktig å bruke tilstrekkeleg tid til å utarbeide problemstillingar som ønskes undersøkt. Vår erfaring er at det er fordelaktig å diskutere problemstillingar i nært samarbeid med forvaltningsrevisor.

Etter prioritering og bestilling av eit konkret prosjekt, vil det for forvaltningsrevisjonsprosjekt bli utarbeidd ein prosjektplan som mellom anna omhandlar kva for nokre problemstillingar prosjektet tar sikte på å besvare. Utarbeiding av problemstillingar skjer i samarbeid mellom kontrollutvalet og kommunerevisjonen. Prosjektplanen skal godkjennast av kontrollutvalet før prosjektet kan påbegynnes.

Kontrollutvalet må ta stilling til kontrollens omfang basert på tilgjengelege ressursar.

Kontrollutvalet kan allereie nå gi signaler til revisjonen om kva som kan være aktuelle problemstillingar og kva ein ynskjer undersøkt i prosjektet. Problemstillingar (kva for nokre spørsmål som ønskes besvart), ressursbruk og framdriftsplan er sentrale element som må drøftast.

Dersom utvalet veljar å bestille prosjekt «Saksbehandling og internkontroll i barnevernstjenesten» er det viktig å ta omsyn til at ein ikkje gjentek det Statsforvaltaren allereie har levert i sitt tilsyn med barnevernsamarbeidet i Setesdal.

Revisjonen vil vere til stades i møtet.

Saka vert lagt fram for utvalet til drøfting og vedtak utarbeidast i møtet.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjonsprosjektet «_____» og ber Agder Kommunerevisjon IKS legge frem prosjektplan i neste møte.

SAK 12/21 BYGDEBOKPROSJEKTET – JURIDISK OG ØKONOMISK VURDERING

Behandling i møte:

Birgit Attestog ba utvalget vurdere hennes habilitet da hun er medlem av bygdesogenemnda. Hun fratradte under drøftingen.

Utvalget vedtok enstemmig Birgit Attestog som inhabil i saken jfr. fvl §6.

Kontrollutvalgets innstilling:

- 1. Notatet Bygdebokprosjekt – juridisk og økonomisk vurdering tas til orientering.*
- 2. Notatet oversendes kommunedirektøren for videre oppfølging av notatets anbefalinger rettet mot kommunen.*
- 3. Kontrollutvalget får tilbakemelding om hvordan notatets anbefalinger er fulgt opp.*

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Inger Lise Austrud

Bygdebokprosjektet - juridisk og økonomisk vurderinger **Sakens gang**

Vedlegg:

- 1 Notat bygdebokprosjekt Bygland kommune - juridisk og økonomisk vurdering - 26.08.21**
- 2 Bygdebokprosjektet - uttale fra kommunedirektøren**

Sammendrag

Ager Kommunerevisjon IKS har laget et notat med juridisk og økonomisk vurderinger av bygdebokprosjektet på oppdrag fra kontrollutvalget i Bygland kommune. Basert på de vurderinger som er gjort i saken har revisjonen seks anbefalinger til forbedringspunkter for kommunen. Det innstilles på at kommunedirektøren følger opp revisors anbefalinger i notatet. Sekretariatet for kontrollutvalget i Rogaland fylkeskommune er settesekretariat i denne saken.

Settesekretariatets innstilling

1. Notatet Bygdebokprosjekt – juridisk og økonomisk vurdering tas til orientering.
2. Notatet oversendes kommunedirektøren for videre oppfølging av notatets anbefalinger rettet mot kommunen.
3. Kontrollutvalget får tilbakemelding om hvordan notatets anbefalinger er fulgt opp.

Mette Jensen Moen
settesekretær

Bakgrunn for saken

Kommunestyret i Bygland kommune behandlet den 25. mars 2021 sak 13/21, som omhandlet bygdebokprosjektet. Følgende punkter ble vedtatt:

1. *Bygland kommune tek oppseiing frå Ådne Fardal Klev til etterretning, og kontraktsforholdet med Bygland kommune opphøyrer f.o.m. 29.03.2021*
2. *Arbeidet med å fullføre bygdebok-prosjektet vert å vidareføre innafor tidlegare vedteken kostnadsramme*
3. *Kommunedirektøren vert beden om å legge fram ein plan for organisering av arbeidet vidare, samt sette i gong ei prosess for å engasjere ny kvalifisert forfattar til å vidareføre arbeidet*
4. *Kommunedirektøren vert vidare beden om å få vurdert juridisk dei kontraktsmessige forhold med tidlegare forfattar, i høve utført arbeid og økonomi*
5. *Sak vedr pkt. 3 og 4 vert å legge fram for kommunestyret*

I kontrollutvalgsmøte den 26. april 2021 ble saken om bygdeboka tatt opp som orienteringssak, og kontrollutvalget besluttet i den forbindelse å be Agder Kommunerevisjon IKS om å foreta en gjennomgang av bygdeboksaken. Kontrollutvalgets sekretariat i Rogaland fylkeskommune er bedt om å fungere som settesekretariat for Agder Sekretariat ved kontrollutvalget i Bygland kommune sin behandling av sak om bygdebokprosjektet. Begrunnelsen for dette er at Agder Sekretariat vurderer seg som inhabile til å utrede saken med hjemmel i forvaltningslovens § 6, 2. ledd.

Problemstilling

Agder kommunerevisjon IKS har utarbeidet et notat med juridisk og økonomisk vurderinger av bygdebokprosjektet på oppdrag fra kontrollutvalget. Notatet legges frem til behandling.

Saksopplysninger

Agder kommunerevisjon IKS hadde den 20. mai 2021 møte med kommunedirektør John Salve Sigrindnes og tidligere ordfører/nåværende lønnsansvarlig for Bygland kommune Leiv Rygg Langerak.

Revisjonen har på bakgrunn av bestillingen i kontrollutvalget, vedtaket i kommunestyret og samtalen med Sigrindnes/Langerak, kommet frem til følgende problemstillinger som er blitt vurdert:

- Vurdering av oppdragsavtalen mellom Ådne Fardal Klev og kommunen, datert 23. januar 2015
- Kontraktoppfølgingen fra kommunens/sogenemndas side
- Økonomien i prosjektet, med hovedvekt på attestasjon og anvisning

Revisjonen har i sitt arbeid gjort en avgrensning hvor det ikke tas stilling til den pågående uenigheten mellom Klev og kommunen som gjelder siste honorarutbetaling. «Fokuset til revisjonen i dette notatet vil være en gjennomgang av kontrakt, kontraktoppfølging og økonomi med tanke på forbedringspunkter for kommunen». Revisor har i sitt arbeid innhentet informasjon og dokumentasjon både fra kommunen og fra Klev.

Basert på gjennomgangen fremmer revisor seks anbefalinger til kommunen:

- Revisjonen er av den oppfatning at kontrakten er ubalansert, og ikke ivaretar kommunens interesser i tilstrekkelig grad. Videre er ikke kontrakten tilstrekkelig konkret, bl.a. ved at den mangler en tydelig fremdriftsplan. Revisjonen mener at kommunen bør foreta en gjennomgang av rutineene for utarbeidelse av kontrakter.
- Revisjonen er av den oppfatning at kontraktoppfølgingen fra kommunens side har vært mangelfull. Revisjonen anbefaler at kommunen gjennomgår hvilke rutiner som foreligger for kontraktoppfølging, det anbefales at det utarbeides en mal/sjekkliste for kontraktoppfølging dersom dette ikke foreligger.
- Revisjonen mener at kommunen ikke har ivaretatt hensynet til skriftlighet og etterprøvnbarhet i tilstrekkelig grad. Revisjonen anbefaler at kommunen styrker fokuset på kravet til skriftlighet i kommunens praksis, og styrker internkontrollen på området for kontraktoppfølging.
- Revisjonen mener at det har vært en klar svakhet at fakturaene ikke har vært vurdert av sogenemnda før utbetaling.
- Attestasjon og anvisning: Revisjonen mener at reglementet for attestasjon og anvisning er brutt ved at det er blitt utbetalt honorar til Kiev uten at det er vedlagt timeliste for utført arbeid. Mangelen anses som brudd på attestant og anviser sine pliktige kontrolloppgaver i forkant av utbetaling av faktura.

- Revisjonen anbefaler at kommunen foretar en gjennomgang og vurdering av bygdebokprosjektet opp mot anskaffelsesregelverket når det gjelder engasjement av ny bygdebokforfatter.

Etter kommunelovens § 23-5 skal kommunedirektøren gis anledning til å uttale seg før kontrollutvalget behandler en sak som skal oversendes kommunestyret. Settesekretariatet har innhentet en uttale fra kommunedirektøren i Bygland. Den ligger som vedlegg til saken. «Kommunedirektøren opplever rapporten som grundig og tar den til etterretning». Han viser også til at administrasjonen allerede har justert praksis basert på anbefalingene som er gitt.

Settesekretariatets vurderinger

Kommunestyret i Bygland er forelagt flere saker som omhandler prosjektet Bygland Gard og Ætt. Denne saken gjelder oppfølging av punkt 4 i kommunestyrets vedtak i sak 13/2021 fra møte den 25.03.2021. Vedtaket er referert i «bakgrunn for saken».

Agder kommunerevisjon IKS har i forståelse med kommunedirektøren gjort en juridisk og økonomisk vurdering av bygdebokprosjektet. Det anbefales at revisors anbefalinger følges opp av kommunedirektøren, både i det videre arbeidet og organiseringen av bygdebokprosjektet og mer generelt i forhold til kontraktsoppfølging og intern kontroll.

Konklusjon

Notatet tas til orientering og oversendes kommunedirektøren for videre oppfølging av notatets anbefalinger. Kontrollutvalget får tilbakemelding fra kommunedirektøren om hvordan anbefalingene er fulgt opp, innen rimelig tid.

FASTE POSTAR

Nytt frå revisor:

Revisor orienterte frå planleggingsfasen – interim revisjon er i gang.

Forenklet etterlevelseskontroll 2021 planlegges igangsatt.

Vidare arbeid i kontrollutvalet: Neste møte i kontrollutvalet er 29.11.2021.

Kontrollutvalget ber om å få en orientering fra rådmannen til neste møte om rapportering om internkontroll etter ny kommunelov.

EVENTUELT

Kontrollutvalet ber om å få tilsendt kommunens tilsvarende på dei statlege tilsynsrapportane.

REFERATSAK

REF 06/21 VALGT OMRÅDE FOR FORENKLET ETTERLEVELSESKONTROLL

Kontrollutvalet tar referatsaka til orientering.

REF 07/21 INVITASJON TIL MEDLEMSKAP I FKT, FORUM FOR TILSYN OG KONTROLL

Kontrollutvalet tar referatsaka til orientering.

REF 08/21 TILSYNSRAPPORT – RETTEN TIL SPESIALPEDAGOGISK HJELP – KRAV TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tar referatsaka til orientering.

REF 09/21 TILSYNSRAPPORT – VEDTAK OM SPESIALUNDERVISNING

Kontrollutvalet tar referatsaka til orientering.

REF 10/21 RAPPORT FRÅ TILSYN MED BARNEVERN TENESTAS ARBEID MED UNDERSØKINGAR VED SETESDAL BARNEVERN 2021

Kontrollutvalet tar referatsaka til orientering.

REF 11/21 HENVENDING «VARSEL OM BYGLAND KOMMUNE»

Kontrollutvalet tar referatsaka til orientering. Kontrollutvalet går ikkje vidare med saka